



Regionrådet

Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden,
Meland, Modalen, Osterøy, Radøy

Nordhordlandsting 28.01.16





Velkommen til Nordhordlandsting 28.01.16

Kommunereform – disposisjon (ca)

- 17:00: Velkomst - leiar i Regionrådet – Karstein Totland
- 17:15: Nytt inntektssystem - konsekvensane for Nordhordland og kvar kommune
- 17:45: Presentasjon av intensjonsavtalen – Meland, Lindås og Radøy
 - Og deira invitasjon til dei andre kommunane i Nordhordland om å verta med i ein stor kommune i Nordhordland
 - Oppklarande spørsmål
- 18:30: Pause
- 18:50: Gruppearbeid - oppsummering
- 20:30: Avslutning

Nytt inntektssystem Konsekvensane for Nordhordland og kvar kommune

Nytt inntektssystem

- Høyring frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet
 - Frist 1. mars
- Kommuneproposisjonen – 11. mai
- Stortinget - juni
- Gjelde frå 01.01.2017

Nytt inntektssystem


- Nye kostnadsnøklar – fagleg gjennomgang – gjerast kvar 4 år
- Basistilskott – vert foreslått oppretthaldt
 - Men berre dei som er ufrivillige små får behalde det fullt
- Regionalpolitiske tilskotta
 - Småkommunetilskottet –meir innbyggjaravhengig og distriktsindeks

Inntektssystem

- Null sum spel
- Skal nokon få meir så er der nokon som skal ha mindre
- Det er ikkje storleiken på inntektene til kommunane som her vert diskutert – berre fordelinga


Basistilskott

- Likt beløp pr kommune – 13,2 mill kr – 2016
- «Dekke kostnadene med administrasjon av ein kommune»
- Forslag - kun dei som er ufrivillig små skal behalde det 100 %




Strukturkriteriet

- Kor langt må ein gj.snittleg innbyggar i ein kommune reise for å kunne nå 5.000 innbyggar?
 - 13,3 km?
 - 16,5 km?
 - 25,4 km?



Strukturkriteriet - grenseverdiar



- Det dei gir frå seg går inn i:
- Fellespott – heile landet
- Fordelt tilbake ut i frå innbyggartal i kommunane

Netto effekt pr kommune


- Regionen – taper totalt på omlegginga
- 16,5 – km – totalt minus 16,3 mill kr
 - Utan Osterøy – 13,6

| Kommune | Netto effekt i mill kr | | |
|--------------------------------|------------------------|---------|---------|
| | 13,3 km | 16,5 km | 25,4 km |
| 1256 Meland | -5,7 | -6,3 | -6,9 |
| 1260 Radøy | -3,1 | -4,6 | -6,6 |
| 1264 Austrheim | -1,6 | -3,7 | -6,6 |
| 1253 Osterøy | -1,1 | -2,7 | -4,5 |
| 1263 Lindås | -0,5 | -1,2 | -1,5 |
| 1252 Modalen | 0,1 | 0,1 | 0,2 |
| 1265 Fedje | 0,2 | 0,2 | 0,3 |
| 1412 Solund | 0,3 | 0,3 | 0,4 |
| 1266 Masfjorden | 0,6 | 0,7 | 0,9 |
| 1411 Gulen | 0,8 | 0,9 | 1,3 |
| Sum utan kommunesamanslåing | -10,2 | -16,3 | -23,0 |

Kva skjer dersom kommunesamanslåing?

- Inndelingstilskott – sikrar dagens basistilskott
(vedtak innan 1. juli 2016)
- Tal N kommunar slår seg saman
 - $(N-1) \times$ gamalt basistilskott + Basistilskott Ny kommune
- Eksempel – Meland, Radøy og Lindås – 3 kommunar
 - $2 \times$ gamalt basistilskott + Basistilskott Ny kommune

Strukturkriteriet - Ny kommune




- NB –
saman-
slått
kommune
- fleire
innbyggjar
- får meir
tilbake

Basistilskott – endring – kommunesamanslåing

| | Netto effekt kommunevis (utan samanslåing) | | | Netto effekt ved samanslåing | | |
|--------------------------------------|---|------------|------------|---------------------------------|-----------|-----------|
| | 13,3 km | 16,5 km | 25,4 km | 13,3 km | 16,5 km | 25,4 km |
| Kommune Sør (Rad, Lin og Mel) | -9 | -12 | -15 | 3 | 3 | 5 |
| Kommune Nord (Gulen og Masfj) | 1 | 2 | 2 | 1 | 2 | 2 |
| Nordhordland (eks Solund) | -9 | -14 | -19 | 10 | 10 | 12 |

- Nordhordland som ein kommune
 - positiv gevinst på endringa – 10
 - 12 mill kr årleg
- Forskjell ingen samanslåing – full samanslåing – 20 – 30 mill kr årleg



Småkommunetilskottet

- Dagens ordning
 - < 3.200 innbyggjarar og inntektsnivå < 120
 - Fast tilskott på 5,5 mill kr pr kommune
- Forslag – gradering – ut i frå
 - Innbyggartal
 - Distriktsindeks (alternativt strukturkriteriet)
 - Må ha ein indeks < 46 for å få distriktstilskott

Småkommunetilskott

| Kommune | Innbyggjarar 01.01.15 | Gj.snittleg km for å nå 5.000 innb | Distrikts- indeks |
|-----------------|--------------------------|---|----------------------|
| 1264 Austrheim | 2 856 | 11 | 73 |
| 1265 Fedje | 563 | 38 | 20 |
| 1266 Masfjorden | 1 704 | 32 | 45 |
| 1411 Gulen | 2 335 | 37 | 29 |

- $3 \times 5,5 \text{ mill kr} = \textbf{16,5 mill kr}$ i småkommunetilskot
- Kva skjer i 2017?
- **Kan låse det på dagens nivå i inndelingstilskottet med kommunesamanslåing**

Utgiftsutgjeving- kostnadsnøkkel

Tabell 4.25 Dagens kostnadsnøkkel og forslag til ny kostnadsnøkkel

- Fagleg gjennomgang av kostnadselementa
- Vanskeleg å meine noko om
- Summen av alle elementa er 1,000
 - Skal noko opp – så må noko ned

| Kriterium | Vekt i dagens kostnadsnøkkel | Vekt i forslag til ny kostnadsnøkkel |
|---|------------------------------|--------------------------------------|
| Andel innbyggere 0-1 år | 0,0055 | 0,0056 |
| Andel innbyggere 2-5 år | 0,1268 | 0,1445 |
| Andel innbyggere 6-15 år | 0,2880 | 0,2659 |
| Andel innbyggere 16-22 år | 0,0210 | 0,0233 |
| Andel innbyggere 23-66 år | 0,0938 | 0,1101 |
| Andel innbyggere 67-79 år | 0,0453 | 0,0549 |
| Andel innbyggere 80-89 år | 0,0693 | 0,0762 |
| Andel innbyggere 90 år og over | 0,0464 | 0,0384 |
| Basiskriteriet | 0,0226 | 0,0244 |
| Sonekriteriet | 0,0132 | 0,0101 |
| Nabokriteriet | 0,0132 | 0,0101 |
| Landbrukskriteriet | 0,0029 | 0,0022 |
| Innvandrere 6-15 år, ekskl. Skandinavia | 0,0083 | 0,0071 |
| Psykisk utviklingshemmede 16 år og over | 0,0461 | 0,0339 |
| Ikke-gifte 67 år og over | 0,0437 | 0,0455 |
| Dødelighet | 0,0460 | 0,0455 |
| Uføre 18-49 år | 0,0046 | 0,0058 |
| Flyktninger uten integreringstilskudd | 0,0047 | 0,0076 |
| Opphopningsindeks | 0,0139 | 0,0086 |
| Aleneboende 30-66 år | | 0,0174 |
| Barn 0-15 år med enslig forsørger | 0,0115 | 0,0159 |
| Lavinntektskriteriet | 0,0062 | 0,0099 |
| Andel barn 1 år uten kontantstøtte | 0,0296 | 0,0177 |
| Innbyggere med hoyere utdanning | 0,0188 | 0,0194 |
| Urbanitetskriteriet | 0,0177 | |
| Norskfødte 6-15 år med innvandrerforeldre, ekskl. Skandinavia | 0,0009 | |
| Sum | 1,0000 | 1,0000 |

Effektane av endring kostnadsnøkkel

| Kommune | Mill kr | Kr pr innbyggar |
|---------------------------------------|---------|--------------------|
| 1263 Lindås | -9,6 | -621 |
| 1411 Gulen | -4,3 | -1 833 |
| 1256 Meland | -2,7 | -349 |
| 1253 Osterøy | -2,4 | -310 |
| 1260 Radøy | -1,9 | -375 |
| 1266 Masfjorden | -1,5 | -854 |
| 1264 Austrheim | -0,2 | -78 |
| 1252 Modalen | 0,5 | 1 249 |
| 1412 Solund | 0,7 | 934 |
| 1265 Fedje | 0,9 | 1 579 |
| Totalt | -20,4 | -458 |
| Nordhordland eks Osterøy og Solund | -18,7 | -521 |

Baserer seg på
tal frå KS

Effekt kommunevis - totalt

| Total effekt i mill kr - strukturkriteriet = 16,5 km | | | | | |
|--|--------------------------|------------------------------------|-----------------|--------------------------------|--|
| Kommune | Basistilskott endring | Utgifts utgjevning - endring | Total effekt | Total effekt kr pr innb. | |
| 1263 Lindås | -1 | -10 | -11 | -700 | |
| 1256 Meland | -6 | -3 | -9 | -1 166 | |
| 1260 Radøy | -5 | -2 | -7 | -1 301 | |
| 1264 Austrheim | -4 | -0 | -4 | -1 370 | |
| 1411 Gulen | 1 | -4 | -3 | -1 438 | |
| 1266 Masfjorden | 1 | -1 | -1 | -459 | |
| 1252 Modalen | 0 | 0 | 1 | 1 644 | |
| 1265 Fedje | 0 | 1 | 1 | 1 974 | |
| Totalt | -14 | -19 | -33 | -907 | |
| 1412 Solund | 0 | 1 | 1 | 1 329 | |
| 1253 Osterøy | -3 | -2 | -5 | -650 | |


Oppsummert

- Kommunane i sør - redusert basistilskott.
- Kommunane i nord - opprettheld basistilskottet
- Småkommunetilskottet kan bli endra til å legge meir vekt på folketal og distriktsindeks.
- **Inndelingstilskottet** gjer det mogeleg å sikre seg å få vidareført dagens **basistilskott** pluss **småkommunetilskott** og også eventuelt **veksttilskott**.
- Det vil vere økonomisk fordelaktig å få til kommunesamanslåing – høgast gevinst med det største alternativet
- **Totalt sett så er det meir forutsigbart kva ein samanslått kommune får i tilskott enn kva einskild kommunane vil få i framtida.**

Presentasjon av intensjonsavtalen – Meland, Lindås og Radøy

«Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til
intensjonsavtale for ny kommune



LINDÅS KOMMUNE



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -



Radøy
kommune

1. Frå innleiinga

- Intensjonsavtalen byggjer vidare på det frivillige arbeidet som har gått føre seg sidan 2010, og å kombinera føringane i kommunereforma med **eigne idèar** om korleis me best **tener innbyggjarane sine interesser i framtida**, og sikrar at Nordhordland vert ein **vekstkraftig, sterk og attraktiv region**.
- Intensjonsavtalen vert no handsama i kommunestyra, deretter brei medverknadsprosess i form av folkemøter, folkeavrøysting og/eller innbyggjarundersøkjing.
- Innspela i medverknadsprosessen **kan påverka den endelege** intensjonsavtalen som skal handsamast i kommunestyra i juni 2016.
- Dermed er det rom for **justeringar også for fleire kommunar**. Dette er i tråd med vedtak i både Lindås, Meland og Radøy

2. Visjon

- *Nordhordland kommune» skal vera ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar i ein region med sterk vekst og utvikling.*
- Byggjer ny kommune for å **møta framtida** sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.
- Skal rekruttera, halda på og utvikla den beste **fagkompetansen** for å betra **tenestetilbodet**. Tenestetilbodet skal vera **der brukarane bur**. Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv **felles bu- og arbeidsregion**.
- Sterkare kommune med auka **lokalt sjølvstyre**, betre i stand til å ta imot **fleire oppgåver**, jamfør vedtak i Stortinget.

3. Verdiar, mål og prinsipp

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvera innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.

4. Kvifor ny kommune: fordelar og ulemper


- Byggjer på utgreiing frå juni 2015: sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter for regionen fram mot 2040.
- *fordelar* ved sterkare fagmiljø, rekruttering, kompetanse, kvalitet, mangfald på tenestetilbodet, arealutnytting, næringsarbeid, jordvern , påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheter.
- Ressurssterk kommune, økonomisk soliditet, i stand til å handtera nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Rusta til å møta veksten i innbyggjartall (44 000 i 2040) med et auka tal eldre.
- *ulemper* ved større geografisk avstand innan kommunen, konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.

5. Namn, organisering og styring

- Arbeidstittel er «Nordhordland kommune». Arbeidet med kommunevåpen og -symbol startar etter at avgjerda om ny kommune er teken.
- **Kommunesenteret vert lagt til Knarvik.**
- Byggjer vidare på felles kultur og identitet i regionen. **Nynorsk** skal vera administrasjonsspråk.
- Rådmann med dei mest sentrale funksjonane rådhuset i Knarvik. Rådhusa i **Meland og Radøy** skal ha kommunale funksjonar. Innbyggjarrettleiing i alle rådhus.
- Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på **Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø og Manger**. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet.
- **Systematisk erfarings- overføring og læring** leggjast til grunn. Kontinuerleg **forbetring og fornying** skal prega utviklingsarbeidet.

6. Demokratimodellen

- Formannsskapsmodell med politisk utval og gjennomgående representasjon.
- Kommunestyret på 43 medlemmar. Formannskapet 13 medlemmar. Alle kommunestyrerrepresentantane i minst eitt anna politisk organ. 4 hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, samfunnsutvikling og administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitear.



7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

- Organisering i lys av behovet i framtida, - ikkje dagens situasjon.
- **Tenesteyting**
- Tenestetilbodet **same nivået** som i dag. **Gjeldande planar vert vidareført inntil nye kommunen vedtek nye.**
- **Desentraliserte tenester.** Skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheimspllassar, bufellesskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærmest mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene.
- Lokale helsestasjonar vert vidareført.
- God **oppvekst-, barne- og ungdomskommune.** **Ingen skular skal leggjast ned** som følgje av ei kommunesamslåing, **eksisterande skulebruksplanar vert reviderte når den nye kommunen er etablert.** Nærskuleprinsippet.
- Bibliotek, institusjonskjøkken og frivilligsentralane vert frå starten vidareført med dagens lokalisering.
- Samordning av kompetanse, der det trengst for å styrkja kompetansemiljø- og utvikling for å sikra eit godt tenestetilbod.
- Prioritera **IKT** i informasjon og dialog med innbyggjarane, og vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon. Omsorgsteknologi skal vera eit satsingsområde i den nye kommunen.
- Eventuelle **endringar skal handterast som ein planprosess med involvering/høyring.**

7. Samfunns- og næringsutvikling

- Samla nærings-, arbeids- og utdanningskommune. Godt, lokalt tilbod innan **vidaregåande opplæring**. Knarvik VGS med breitt og mangfoldig tilbod. Opprettast **eit universitets-/ høgskuletilbod** i kommunen.
- Motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til **utvikling** av den nye kommunen.
- Infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk. **Gjeldande kommuneplanar pr. 1.1.2020 (herunder arealdelen) gjeld inntil det nye kommunestyret har vedteke ein ny kommuneplan.**
- **Strategisk samfunns- og næringsutvikling** vil styrkja eksisterande-, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser. Nye næringsareal med fokus på framtidsretta næringsliv.
- Effektiv internkommunikasjon og for å **realisera lokale samferdsleprosjekt**, t.d. (ikkje prioritert):
 - Nyborgtunnelen
 - Alversund bru
 - Sambandet Vest
 - Ringveg Nordhordland
- Halda fram utbygginga av **mobilnettet og breibandstilbodet** i alle delar av kommunen.
- **Klima- og miljøplan**, særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling.
- Interkommunale samarbeidsavtalar, interkommunale og kommunale selskap skal gjennomgåast.

7. Prinsipp for kompetanse

- Rett kompetanse er grunnlaget for godt tenestetilbod. Prioriterast å **skaffa, utvikla og halda** på fagpersonar.
- Det vert meir **attraktivt å arbeida** i den nye kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikerte til spesialfunksjonar.
- **Kompetansekartlegging** skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.

8. Økonomi - harmonisering av skattar og avgifter

- **Ikkje høgare kommunal eigedomsskatt** som følgje av ein ny kommune. Harmonisere skattar og avgifter. Like prisnivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile kommunen. Ikkje eigedomsskatt på hus og hytter som følgje av ny kommune.
- Overgangsreglar for første valperiode (2019-2023).
- Forslag til nytt inntektssystem er sendt ut på høyring. Den nye kommunen **kjem fordelaktig ut** i høve dei endringane som til no er kjend. Endelege konsekvensar vil bli avklåra i løpet av våren 2016.
- **Investeringsprosjekt**
- **Vedtekne investeringsprosjekt vert vidareført** i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Investeringsprosjekt innarbeidd i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar når søknad om å etablera ein ny kommune vert vedtatt, prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett og økonomiplan.
- Effektiviseringsgevinstar m.a. innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja tenestetilbodet i den nye kommunen.
- Den nye kommunen vil ta imot økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur.

9. Kommunen som arbeidsgjevar - administrative prosessar

- **Raus og inkluderande.** Arbeidsgjevarpolitikk som samlar og utviklar arbeidstakarane i den nye kommunen, gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar.
- Høg grad av **medverknad på lokalt og sentralt nivå**, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.
- **Verksemmdsoverdraging.** Inneber at tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk.
- **Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:**
 - Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si.
 - Endringsoppseiingar.
 - Berørte leiarar (over tenestestadleiar) skal søkja på nye leiarjobbar.
 - Openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
 - Omstillingsavtale (grunnlaget for samhandling med tillitsvalde).
 - Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune .
 - Drøftingsmøte, eventuelt høyringar, i samband med intensjonsdokumentet
 - Jamlege orienterings- og/eller drøftingsmøter i prosessen.

10. Kommunikasjonsplan

- Aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal sikra at alle får god informasjon og vert hørt om den pågående reformprosessen.
- Ein felles kommunikasjonsstrategi skal utarbeidast med målretta satsing på ekstern og intern informasjon. Me viser til eigen kommunikasjonsplan.

11. Vegen vidare

- Brei medverknadsprosess og innbyggjardialog utover våren. Forhandlingsutvalet kjem saman igjen og utarbeida endeleg intensjonsavtale.
- Kommunestyra fattar **endeleg avgjerd i spørsmålet om kommunestruktur i juni 2016**.
- Forhandlingsutvalet førebur samanslåing og koordinering fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova).
- Inndelingslova av 2001 set rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast.
- **Fellesnemnda** for Nordhordland kommune skal ha 13 medlemmer med **tre frå Radøy, fire frå Meland og seks frå Lindås**. Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda.
- Medlemmene vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.
- Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet består av fellesnemnda sine medlemmer og to representantar frå kvar kommune. Desse er utpeika av dei tilsette sine organisasjonar.
- Dersom samanslåing blir gjennomført pr. 1. januar 2020 blir det ordinært kommunestyreval hausten 2019.

Kommunereform – disposisjon (ca)

- 17:00: Velkomst - leiar i Regionrådet – Karstein Totland
- 17:15: Nytt inntektssystem - konsekvensane for Nordhordland og kvar kommune
- 17:45: Presentasjon av intensjonsavtalen – Meland, Lindås og Radøy
 - Og deira invitasjon til dei andre kommunane i Nordhordland om å verta med i ein stor kommune i Nordhordland
 - Oppklarande spørsmål
- 18:30: Pause
- 18:50: Gruppearbeid - oppsummering
- 20:30: Avslutning

Nordhordlandsalternativet - framdrift

Nordhordlands-
alternativet
Prosessen

Intensjonsavtale
Meland, Radøy og
Lindås

Invitasjon til dei
andre kommunane
om å slutte seg til
forhandlingane –
Austrheim, Fedje,
Gulen, Masfjorden
og Modalen

Regionrådet
05.02.16
Forslag til
felles
saksmål og
vedtak i
kommune-
styra

Kommunestyre
-vedtak
Om dei ønskjer
å takke ja til
den
invitasjonen –
innan **februar**

Forhandlingar –
Nordhordland ein
kommune?
- Møtast **29.02** –
02.03
- **Intensjons-**
avtale innan
14.03.16

Kommune
styra
- Behandle
intensjons
avtalane –
gje ei
innstilling

Det som
kommune-
styret tilrår
– vert lagt
fram for
folket til
høyring

Kommune
styra –
endeleg
vedtak –
22. juni
(innan 30.
juni)

jan

30. juni

Gruppearbeid

Austrheim, Fedje, Gulen, Modalen, Masfjorden, Osterøy:

1. Vil vi kople oss på eit forhandlingsløp om ein storkommune ut i frå invitasjonen frå sør – dvs. leggje fram sak for kommunestyret?
2. Kva krav har vi i så fall til prosessen?
3. Kva for råd vil vi gje til Regionrådet når det gjeld forslag til saksgrunnlag og vedtak for kommunestyra?

Lindås, Meland, Radøy:

1. I kva grad tenker vi at noverande forhandlingsdokument skal leggast til grunn for framtidige forhandlingar?
2. Kva trur vi må endrast dersom andre kommunar vil vere med i vidare forhandlingar?